

1 549 har fått rettferdsvederlag

LILLEHAMMER: I perioden 1998–211 fikk 1 549 personer slikt vederlag fra stat og kommuner.

Til sammen har de fått 282 millioner kroner i oppreisning etter overgrep de var utsatt for i institusjoner gjennom barn- og ungdomsår. Det melder stiftelsen Rettferd for taperne.

– I illegg til oppreisningen i form av penger ligger det også i disse er-

kjennelsene også en unnskyldning fra den norske staten. Og Stortingets utvalg for rettferdsvederlag beklager at søkerne har vært utsatt for kritikkverdige forhold som er av slørt gjennom søknadene, sier Ola Ødegaard, generalsekretær i Rettferd for taperne.

– Det å bli trodd, betyr alt for disse ofrene, sier Ødegaard.



RETTFERD: -Oppreisningen fra staten betyr for mange ofre en ny start i livet, sier Ola Ødegaard i Rettferd for taperne. (Arkivfoto)



Flyktninghjelpen

starter innsamlingsaksjon i Norge i forbindelse med sultkatastrofen i Øst-Afrika. Organisasjonen ber det internasjonale samfunnet om 56 millioner kroner for å hjelpe sultrammede i Somalia. Flyktninghjelpen har gitt humanitær bistand til Somalia siden 2004, og vil nå gi mat og husly til 60 000 mennesker.

Frisk satsing på hytter i Skjåk

Tilbyr 180 nye hyttetomter på fjellet

I Skjåk er det 692 hytter. Nå blir det 180 til.

Av Elias Sperstad

elias.sperstad@gd.no
Mobil 958 35 907

SKJÅK: – Trua må ein ha. Elles hadde vi ikkje gått på dette, seier Stein Are og Are Bergheim i Grotli Utvikling as. I terrenget rundt seg kan dei by på 75 nye tomter. Ni hytter er så langt under tak. Og fleire bankar på og vil ha hytte i Skjåk. Tomter er det flust av.

Treg start

Far og son Bergheim innrømmer at dei fekk ein litt treg start da dei la ut dei fyrste tomtene. Dei valde å starte i den austre enden av feltet som ligg rett bak Grotli Høyfjellshotell. Så kom det interesserte som lurte på når dei ville starte med tilrettelegging i det vestre feltet. Da dei hadde to sikre, valde dei å setja i gang. Nå et anleggsmaskinene seg innover terrenget på nye vegar. Og den mest ivrige hyttebyggjaren er alt i ferd med å rigge seg til.

Både Grotli Utvikling, Skjåk Hedda-Hytter og private har nå nye hytter for sal i det nye store hyttefeltet på Grotli. Frå før er det bygt omtrent 180 hytter i feltet på andre sida av elva, i regi Skjåk Almenning.

Nytt felt

Dei eldste hyttene i Skjåkfjellet er frå 1800-talet. Det var snakk om buer for matauk. Jakt- og fiskebuer. Av stort og smått er det i dag 692 hytter og buer i Skjåk. Og fleire vil det altså bli. Den store aktøren på hyttemarknaden i Skjåk, er Skjåk Almenning. Dei har i tillegg til Grotli-feltet lagt til rette for storslått hyttebygging ved Liavatnet. Så seint som i fjor haust klagjorde dei eit nytt felt. Og ivrige hyttebyggjarar er alt i ferd med å realisere hyttedømmen.

Og det stoppar ikkje med det.



HYTTEPARADIS: Jonas Lyngved, Stein Are Bergheim og Nils Bakke har lagt på plass dørhella. Nå ventar hytta på ny eigar.

Foto: Elias Sperstad

Nå satsar landets største private grunneigar på eit nytt felt, Billingen Hyttegrend. Det ligg nord for riksveg 15, på andre sida av vegen der det er eit gammalt felt med fleire titals hytter. Skjåk Almenning utviklingselskap startar snart den fyrste etappen med på klagjera dei 33 fyrste tomtene. I alt er det plass til 70 hytter i det regulerte feltet som strekkjer seg frå handikapphytta og omtrent til setergrenda på Billingen.

Stabil marknad

Og ikkje nok med det, litt lengre

nede, ved Heggebotvatnet har Skjåk-Hedda Hytter alt sett opp fleire hytter. Og dei har fleire på gang. Dagleg leiar Nils Henry Fosstuen les ein marknad som har flata ut.

– Det er ikkje det kolossale salet, men for vår del er det stabilt. Ein kan vel seie at hyttemarknaden generelt nå ligg på eit fornuftig nivå. Vi registrerer at folk med eldre hytter set opp nye, og da med høgare standard. Dette bidreg til å halde oppe aktiviteten, seier Fosstuen.



TØMMERHYTTE: Torstein Steinehaugen og Rolf Morten Hosarøygard i Lom Trebygg set opp hytte ved Liavatnet.



BILLINGEN: Vest for Billingen seter er nytt felt i kjømda.